



HERØY
kommune



Handlingsplan for perioden 2025 – 2028



EI BÅTLENGD FØRE

[Kommunedelplan for helse og omsorg](#) spring ut frå [kommunen sin samfunnsdel](#), og gjeld for perioden 2019 – 2027.

Dei fleste av tiltaka i handlingsplanen er gjennomført, og treng difor reviderast. Kommunedelplanen skisserer seks satsingsområde som kvar for seg dannar grunnlaget for tiltaka. Desse er:

- Brukarmedverknad
- Aktivitet og frivilligheit
- Førebygging
- Meistring
- Kunnskap og kompetanse i tenesta
- Heilskap

Desse har medverka i revisjonen:

- Helse, kultur og oppvekstutvalet
- Eldrerådet
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Tilsette i sektor helse og omsorg gjennom questback, seksjonsmøte og fagdag
- Leiargruppene i helse og omsorg inkl HTV og HVO
- Leiargruppa i samfunnsutvikling
- Leiargruppa i kultur og oppvekst

Kommunalsjefen si leiargruppe har ansvar for at handlingsplanen vert fylgt opp gjennom årsplanar og budsjettarbeid, i samarbeid med sine tilsette og andre samarbeidspartar.



Innhald

Innhald	3
Innsatsområde: Brukarmedverknad	4
Innsatsområde: Aktivitet og frivilligheit	5
Innsatsområde: Førebygging	7
Innsatsområde: Meistring	9
Innsatsområde: Kunnskap og kompetanse	11
Innsatsområde: Heilskap	14

Innsatsområde: Brukarmedverknad

Målsetting: Utvikle tenestene saman med pasientar, brukarar og deira pårørande. Gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod, vil du som innbyggjar få større påverknad i eigen kvardag.

Kva	Korleis	Res-surs-behov	Tidsfrist	Ansvar
Legge til rette for brukar- og pårørde-involvering	Bruke "kva er viktig for deg" som metode for å oppnå brukarmedverknad og ha brukarmedverknad som tema på fagdagar årleg		Jamleg	Sektor helse og omsorg
	Faste møte med brukarutvala i sektoren		Jamleg	Avdelingslei-arane i helse- og omsorg
	Legge til rette for at innbyggjarane brukar aktivt digitale løysingar		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg
	Brukar- og pårør-andeundersøkingar. Vurdere dialogmøter der det er hensiktsmessig		Oddetalsår	Leiargruppa i helse og omsorg
	Involvere brukar-representantar så tidleg som råd i tenesteutvikling		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg

Innsatsområde: Aktivitet og frivilligheit

Målsetting: Gjere det lett for deg som innbyggjar å vere aktiv i kvardagen

Kva	Korleis	Res- surs- behov	Tidsfrist	Ansvar
Legge til rette for aktivitet	Etablere Svingen dagaktivitetstilbod		Haust 2025	
	Søkje prosjektmidlar og samarbeid med NAV for vidareutvikling av tilbodet ved Svingen		Jamleg	Dagleg leiar ved Svingen, saman med leiargruppa
	Vidareutvikle potensialet til småjobbsentralen på Svingen, saman med prosjekt knytt til forebygging av utanfor-skap i ungdomskulen		Jamleg	Dagleg leiar ved Svingen, saman med leiargruppa i helse og omsorg
	Følgje opp avtalen om eit demensvenleg samfunn		Jamleg	Avdelingsleiar for pleie og omsorg
	Vurdere dagtilbod for dei som fell utanfor eksisterande tilbod		2026	Leiargruppa i helse og omsorg
	Digital oversikt over alle typar aktivitets-tilbod		Jamleg	Dagleg leiar ved Svingen



Legge til rette for frivillighet	Bygge vidare på frivilligsentralen og Svingen som bindeledd til frivillighet, næringsliv og lokalsamfunn		Jamleg	Helse og omsorg, saman med kultur og oppvekst
	Legge til rette for språktrening for nye landsmenn, gjennom frivillig arbeid/arbeidstrening		Jamleg	Heile organisasjonen



Innsatsområde: Førebygging

Førebygge meir gjennom tidleg innsats.

Kva	Korleis	Res-surs-behov	Tidsfrist	Ansvar
Tidleg innsats for å gi barn og unge ein god start på livet	Følgje opp tiltak som skissert i førebyggjande plan for barn og unge		Jamleg	Strategigruppa for barn og unge
	Sikre at tilsette arbeider i tråd med BTS-rettleiaren , som er ei felles rutine for korleis ein går fram når ein er uroa for eit barn/ungdom		Jamleg	Heile organisasjonen
	Opprette eit lavterskel barn-, ung- og familieteam for å støtte familiar i krevjande livssituasjonar		2026	Avdelingsleiar barn, familie og helse
	Vurdere forprosjekt i FACT ung , for dei som ikkje får behova dekt av tiltaket over		Jamleg	Kommunalsjef helse og omsorg

Legge til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse	Bygge kultur for kvardagsmeistring i tenestene		Jamleg	Sektor helse og omsorg
	Bruke innsatstrappa som grunnlag for vurderingar i tildeling av tenester		Jamleg	Leiargruppe i helse og omsorg
	Frisklivs- og meistringstilbod ved Svingen		August 2025	Avdelingsleiar barn, familie og helse, og dagleg leiar ved Svingen
	Årleg temadag om å bu trygt heime i eigen bustad, og individuelle tilbod til dei som ønskjer det.		2026	Leiargruppa i helse og omsorg
	Styrke ressurs knytt til tilrettelegging av heimen	1 årsverk seksjon rehabilitering	2026	Leiargruppe i helse og omsorg
Legge til rette for inkludering av flyktningar	Tett samarbeid mellom NAV og flyktningstenesta, frå etablering til sjølvstendig innbyggjar i kommunen		Jamleg	NAV og kvalifiseringssenteret, saman med resten av organisasjonen



Innsatsområde: Meistring

Målsetting: Legge til rette for at du som innbyggjar skal meistre din eigen kvar-dag, slik at du kan leve eit aktivt og godt liv i fellesskap med andre

Kva	Korleis	Res-surs-behov	Tidsfrist	Ansvar
Trygge opp-vekstmiljø og tidleg innsats	Gi barn, unge og familiar meistrings-strategiar, til dømes gjennom MOT, tankevirus, foreldreskule og KOS, som skissert i førebyggjande plan for barn og unge		Jamleg	Avdeling for barn, familie og helse ilag med sektor kultur og oppvekst
	Miljøteam i ungdomskulen		Hausten 2025	Rektor Herøy ungdomskule
	Legge til rette for avlastingsheimar og fosterheimar i eiga kommune for at barna skal få halde fram med å bu i sitt nærmiljø		Jamleg	Seksjon barnevern saman med resten av kommunen
	Følgje opp tiltak som skissert i rettleiar ved bekymring for radikalisering og valdeleg ekstremisme		Jamleg	Strategigruppa for barn og unge
	Gjere handlingsplan mot vald i nære rela-sjonar betre kjent		Årleg	Leiargruppa i helse og om-sorg og i kultur og oppvekst
	Tverrfagleg rehabiliteringste-am som skissert i temaplan for habilit-e-ring og rehabilitering	3 årsverk	2026/2027	Leiargruppe i helse og omsorg

Sikre innbyggjarane naudsynte og individuelt tilpassa tenester	Tenke helseteknologi så tidleg som mogleg i møte med nye behov, og gi naudsynt opplæring		Jamleg	Alle tilsette i sektor helse og omsorg
	Auka bruk av digitale kanalar til folkeopplysning, til dømes gjennom heimeside og filmar		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg
	Tilstrekkeleg fastlegekapasitet til alle innbyggjarane jamfør legeplan		2026	Leiargruppa i helse og omsorg
	Nytt, samlokalisert omsorgssenter		2028	Overordna leiargruppe
	Vurdere formålsteneleg gjenbruk av bygg som blir frigjort som følge av nytt, samlokalisert omsorgssenter, gjennom ordningane til Husbanken		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg
	Vurdere samlokalisering for bu- og habilitering i areal som blir frigjort som følge av nytt omsorgssenter, eventuelt vurdere alternativ bu-tilhøve for målgruppa		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg, saman med eigedomsavdelinga



Innsatsområde: Kunnskap og kompetanse

Målsetting: vere nytenkande i utvikling av forsvarlege og bærekraftige tenestetilbod, og fagleg kvalitet i tenesta

Kva	Korleis	Res-surs-behov	Tidsfrist	Ansvar
Satse på kompetanse og sterke fagmiljø	Samlokalisering av fagmiljø, til dømes sjukepleieteam eller kompetanseteam på tvers		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg
	Systematisk opplæring av alle nytilsette (onboarding)		Jamleg	Alle leiarane
	Stønad til studiar i samsvar med strategisk kompetanseplan		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg
	Gode arbeidstidsordningar og utviklingsmoglegheiter for tilsette som skissert i arbeidsgivarpolitikken		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg
	Felles digitaliseringsstrategi saman med kommunene på Søre Sunnmøre		2025	Overordna leiargruppe
Rett kompetanse på rett plass	Arbeide målretta med oppgåvedeling		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg
	Bruke sosiale media som kanal for rekruttering og omdømebygging		Jamleg	Alle leiarane
	Bruke strategisk kompetanseplan som styringsverktøy		Jamleg	Alle leiarar

Dimen- sjonere dei ulike tenes- tene rett, med tanke på berekraft i helse og omsorgs- tenestene	Vurdere interkommunale samarbeid der fagmiljøa er små og sårbare		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg
	Omfordele ressursar nedover i innsats-trappa		Årleg	Leiargruppa i helse og omsorg
Nytte digi- taliserings- verktøy for å effektivisere og sikre person- vernet	Søkje aktivt utviklingsprosjekt, ny teknologi og ny kunnskapsbasert forskning		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg
	Gjere innbyggjarane sjølvstendige ved å ta i bruk helseteknologi, med særskilt fokus på teknologi som reduserer behovet for arbeidskraft		Jamleg	Alle tilsette i sektor helse og omsorg





Innsatsområde: Heilskap

Målsetting: Helse og omsorgstenesta legg til rette for aktiv deltaking frå deg som innbyggjar og gir heilskapelege tenester av god fagleg kvalitet.

Kva	Korleis	Res-surs-behov	Tidsfrist	Ansvar
Bruke inn-satstrappa som strategi for tenteste-utvikling og tverrfagleg samhandling	Vidareutvikle den tverrfaglege samhandlingsriggen, tverrsektorielle relasjonar, samarbeid og møtestadar		Jamleg	Heile organisasjonen
	Aktiv bruk av kommunikasjonsstrategien som verktøy for informasjon og kommunikasjon ut til innbyggjarar, tilsette og andre målgrupper, slik vi står saman om naudsynte endringar		Jamleg	Alle tilsette og politikarar
	Samhandle godt i plan og utviklingsarbeid			Heile organisasjonen
Legge til rette for at innbyggjarane skal kunne bu i eigen, tilrettelagt heim lengst mogleg	Inngå avtale om minst 20 nye omsorgsbustadar gjennom tilvisingsavtale i samarbeid med private aktørar, nær kultur og servicetilbod		Jamleg	Sektor for samfunns-utvikling med brukarmed-verknad
	Vurdere omsorgsbustadar utan bemaning i det nye omsorgssenteret			Leiargruppe helse og omsorg
	Vurdere sosiale soner i alle større utbyggingsprosjekt		Jamleg	Utviklingsavdelinga

	Styrke heimetenesta i tråd med auken i tal eldre			Avdeling pleie og omsorg
	Vidareutvikle Svingen dagaktivitetstilbod, med god informasjon ut til innbyggjarane		Jamleg	Leiargruppe i helse og omsorg ilag med dagleg leiar av Svingen
	Digital heimeoppfølging		Jamleg	Leiargruppe helse og omsorg
Styrke og differensiere tilbodet innanfor psykisk helse og rus	Vidareutvikle Svingen Bygge 1-2 nye hardbruksbustadar	Investering	2026	Leiargruppe i helse og omsorg
	Utvikle samarbeidet med spesialisthelse-tenesta og kriminal-omsorga		Jamleg	Seksjon psykisk helse og rus
	Revidere rusmiddel-politisk handlingsplan saman med dei andre i Sjustjerna		2026	Kommunalsjef helse og omsorg
	Tilby gruppetilbod utanfor ordinær opningstid i tenesta for psykisk helse og rus		2026	Seksjon psykisk helse og rus

Sikre trygge og samordna tenester	Arbeide kontinuerleg med kvalitet og tryggleik (til dømes oppfølging av avvik i kvalitetssystemet)		Jamleg	Alle leiarane
	Tilpasse kvalitetsstandarden saman med nabo-kommunane, i tråd med ei berekraftig helse- og omsorgsteneste		Årleg	Alle leiarane
	Vidareutvikle rolla til koordinerande eining og gjere den betre kjent		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg
	Digital samordning internt, og vurdering av nytt pasient-journalsystem saman med nabokommunane		Jamleg	Leiargruppa i helse og omsorg og digitaliseringsleiar
	Utarbeide lokal helseberedskapsplan for å sikre innbyggjarane for-svarlege helse og omsorgstenester i tråd med samfunns-utviklinga og overordna beredskapsplan		2027	Leiargruppa i helse og omsorg



Herøy kommune
Rådhusgata 5
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Layout, utforming og korrektur: Kommunikasjonsavdelinga

